



Saksbehandlar: Planavdelinga/Christian H. Reinshol

Vår referanse: 16/2379 - 17/20034 / PlanID - 1263-201606, Plannavn - Langøy-Ospeneset
akvakulturområde, Komnr - 1263, FA - L13

Dato: 04.07.2017

Emne: Gebyrutrekning reguleringsplan Langøy-Ospeneset

7.2.2	Basisgebyr plansak	39.000,-
7.2.3 a)	Areal planområde over 25 da. Per påbegynte 25 da: <i>Totalt areal for akvakulturføremål og kombinert føremål om lag 500,22 da. jf. plankart. I tillegg kjem ikkje oppgitt areal i føresegnområde #1 som truleg er under 25 da, slik at totalt areal vert under 525 da. Overskytande areal for planområdet utover areala regulert til akvakultur vert ikkje inkludert i arealutrekninga.</i>	222.000,-
7.2.3 b)	Byggeareal. Per 1.000 m² BRA. <i>Sidan det ikkje er oppgitt noko avgrensing på BRA eller BYA i planen, vert gebyret for byggeareal vurdert etter dei planlagde installasjonane på lokaliteten.</i> <i>Det er planlagt etablert plastringanlegg med rammer på 100x100 meter på Ospeneset. Totalt 6 ringar. På Langøy er det planlagt etablert plastringanlegg på 110x110 meter, totalt 10 ringar. I tillegg kjem areal til fôrflåtar.</i> <i>Totalt byggeareal for akvakulturføremål vert då 181.000 m². Fôrflåtar kjem i tillegg, men det er ikkje vurdert at desse har eit areal på over 1.000 m² BRA til saman.</i>	995.500,-
7.2.3 d)	Næringsføremål	11.100,-
7.2.3 g)	Planforslag i strid med overordna plan:	39.000,-

	<i>Område sett av til akvakultur og kombinert føremål er i strid med arealføremål bruk og vern av sjø og vassdrag i kommuneplanens arealdel.</i>	
7.2.7	Godkjenning av konsekvensutgreiing	50.400,-
7.2.8	Godkjenning av planprogram	5.900,-
	<u>Totalt sakshandsamingsgebyr:</u>	1.362.900,-

Om klage på gebyr

Moglegheit til å klage på gebyr er fastsett i gebyrregulativet for Arealplan, byggesak og geodata § 4.9 (sjå utdrag under). Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl), då det er gjort ei særskild vurdering av kva område ein skal vurdere gebyr etter i planen. Dette gjeld mellom anna omfang av planområdet (7.2.3 a) og utrekning av bygningsareal (7.2.3 b) som følgje av reguleringsplanen.

Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast. Før det kan reisast søksmål om vedtaket er gyldig eller krav om erstatning, må høve til å klage på vedtaket vere nytta fullt ut, jf. fvl. § 27b.

4.9 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Gebyr som etter denne forskrifta er fastsett ved enkeltvedtak kan det klagast over i samsvar med forvaltningslova kap VI. Fylkesmannen er klageinstans.

Klage skal vere grunngjeven.